

Bjørn Bråthen

Fra: Trude Bruket <trude.bruket@regionnordhordland.no>
Sendt: fredag 15. desember 2023 14:00
Til: NKRF – kontroll og revisjon i kommunene
Kopi: Torbjørg Grøttveit Gjerstad
Emne: SV: Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene

Hei.

Kort høyringsvar herifrå.

Etter å ha arbeidd ut saker for våre kontrollutval har me landa på at dei bestilte ein prosjektplan som omhandla **heile prosessen**, utarbeiding av ROV + planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, altså i tråd med det eine framlegget til saksframlegg* som låg ved høyringsutkastet. Me ser dette som nyttig i det tilfellet der kontrollutvala ber revisor utarbeida ROV samt grunnlaget for planane.

Frå framlegg til vedtak i dette saksframlegget:

Prosjektplanen skal omfatta:

- a. *Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av yyyy kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.*
- b. *Korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast*
- c. *Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Yyyy kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.*
- d. *Korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 skal gjennomførast.*

Som ein følgje av dette har me hos oss kalla saka: BESTILLE PROSJEKTPLAN: RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING, PLANAR FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL FOR PERIODEN 2024 - 2028

Til først i samandraget i saka har me då skrive:

I dette møtet skal kontrollutvalet bestilla ein plan for prosessen med å gjennomføra risiko- og vesentlegvurdering (ROV) som skal danna grunnlag for forslag til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028.

Endelegge anbefalingar bør tydeleggjera om ein skal gjera ei bestilling KUN av ROV, eller av heile prosessen, slik me landa på. Eventuelt om det er to eller tre ulike spor for dette.

Med venleg helsing
Trude Bruket

Kontrollutvalssekretariatet | Region Nordhordland IKS
Mobil 97 01 98 93 | www.regionnordhordland.no

Frå: NKRF – kontroll og revisjon i kommunene <post@nkrf.no>
Send: torsdag 26. oktober 2023 14:30
Til: NKRF – kontroll og revisjon i kommunene <post@nkrf.no>
Emne: Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene